

Til [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no)

## **Forventningar til framtidig organisering av SVV**

### *Bakgrunn:*

Vi er gjort kjent med at vegdirektøren snarleg vil foreslå ei endring av organiseringa av SVV, som fylje av regionreforma. Det vil truleg bli foreslått ein divisjonsmodell. I tillegg er det arbeid med ein konsulentrapport om trafikkstasjonane. Samferdselsdepartementet har og bedt SVV om å vurdere kva oppgåver som kan privatiserast. Fleire tenester blir digitalisert og færre vil møte fysisk fram på trafikkstasjonen i framtida.

I Meld. St. 22 (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgåver blir det lagt grunnlaget for endra regioninndeling og endra oppgaveløysing i Norge. Målet er som regjeringa sjølv seier:» Regjeringa har som mål at regionreforma skal gje ei positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, basert på regionale fortrinn, føresetnader og prioriteringar» dei seier vidare «Fylkeskommunane skal setje i verk eigen politikk, men også nasjonal politikk i ein regional kontekst. Rolla som samfunnsutviklar blir utøvd i samspel med staten og kommunane. Denne rolla blir styrkt gjennom regionreforma.»

Reforma er i følgje regjeringa ei desentraliseringsreform som skal gje positiv utvikling i alle delar av landet. Delar av oppgåvene til SVV er flytt til regionane og oppgåvene til SVV er endra, dette er utfordrande for SVV og den strukturen dei har hatt.

I distrikta har me hatt Trafikkstasjonar med dei oppgåvene ein trafikkstasjon har for køyretøy. I Valdres til dømes har det i tillegg vore ei vegavdeling med kompetente fagfolk som til saman i dag har 13 arbeidsplassar.

### *Drøfting:*

Når ein no foreslår ein ny divisjonsstruktur er det viktig at SVV svarar opp forventninga om at dette er ein desentraliseringsreform. Digitalisering er grunnlaget for ein del av dei endringane som blir foreslått, digitalisering kan og nyttast for å desentralisere folk. SVV må no sjå på nye måtar å arbeide på. Det kan ikkje vera rett å samle all kompetanse sentralt for så å bruke timevis i bil for å kome ut dit vegane er. Ved å sentralisere, vil SVV sine folk måtte bruke mykje av tida si på arbeidsreiser til kommunane i staden for å kunne bruke arbeidstida der dei er og i tett dialog og med kunnskap om lokalmiljøa og regionen.

Det er viktig med den lokale fagkompetansa og særleg betyr regionale kompetansearbeidsplassar mykje for regionar si utvikling som felles bu og arbeidmarknader. Valdres, Gudbrandsdalen og Nord- Østerdalen blir no ein del av det geografisk store området Innlandet, ein region med mange store og tunge gjennomfartsårer, nord - sør og aust – vest. På same måte blir Hallingdal ein del av det geografisk store området Viken, dei har og det andre nasjonale vegsambandet aust- vest.

Vi kan ikkje akseptere at SVV løyser utfordringa dei no har fått med å sentralisere arbeidsplassane i SVV, vi forventar at digitaliseringa blir nytta som ei moglegheit til å desentralisere.

Det synes vanskeleg å forstå at ei privatisering av tenestene ved Trafikkstasjonane er rett svar på kva som skal skje med trafikkstasjonane. Det er forståeleg at færre vender seg fysisk til stasjonane, men systema bak digitalisering skal drivast, kvifor kan det ikkje leggest ei oppgåveportefølje som gjer det mogeleg å ha opne stasjonar i distrikta og?

*Konklusjon.:*

Vi forventar ein klar distriktsprofil på den organiseringa som blir valt for SVV. Det forventast at digitalisering mogeleggjør ein desentralisert divisjonsmodell med oppgåver lagt til distrikta. Fagleg desentral kompetanse og desentral lokalisering av SVV vil vera ein styrke for samhandling med kommunar i oppgåveløysinga.

Tynset /Sel /Gol /Fagernes 14. januar 2019

**Merete Myhre Moen** (sign)

Ordfører (Sp)  
Telefon: 62 48 50 12  
Mobil: 906 11 252



Tynset kommune  
2500 Tynset

**DAG ERIK PRYHN**(sign)

Ordfører  
Sel Kommune  
M: 913 38 870



**SEL**  
KOMMUNE

**Heidi Granli**(sign)

Ordfører i Gol kommune

Telefon: 32 02 91 30

Mobil: 91 67 39 00



*Inger Torun Klosbøle*

**Inger Torun Klosbøle**

Ordfører i Nord Aurdal kommune

Tlf: + 47 97097428



Nord-Aurdal  
kommune



**VALDRES**  
Natur- og Kulturpark

